



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 15.02.2017
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 - 21:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Siri Kaland	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Asbjørn Brandtun	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Trude Sleire	AP	Medlem
Tore Austrheim	AP	Medlem
Jorund Stellberg	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Morten Sognnes	H	Medlem
Viggo Leirvåg	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Petter Lerøy Skårnes	V

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Osen, Olav Mongstad, Asbjørn Toft og Stein Kåre Løvsett

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/17	Godkjenning av møteprotokoll
003/17	Meldingar
004/17	Orienteringssak
005/17	Endring av valkrinsane i Austrheim
006/17	Oppnemning av valstyre til Stortingsvalet 2017
007/17	Søknad om midlar innan prosjekt mot barnefattigdom
008/17	Val av forprosjekt for barnehage på Kaland - Igangsetting av "Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr 130 og 131. Braplanid 2017001 "- Planoppstart
009/17	Anleggsbidrag for Mongstadkrysset Vest
010/17	Vedtak - KommuneROS Austrheim 2017
011/17	Vedtak - Overordna Beredskapsplan, Evakueringsplan og Atomberedskapsplan
012/17	Innstilling frå sakkyndig nemnd for eigedomsskatt
018/17	Interpellasjon

001/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Ordførarar orienterte om at sak 12 vert handsama i lukka møte då det i saka er dokument som ikkje er offentleg. Det vert vist til kommunelova § 31 pkt.2.

H v/ Jorund Stellberg:

Dersom innkallinga vert lagt ut på nettet og vert bytta ut med ny innkalling er det ynskje om at det vert informert om dette.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 001/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/17: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Merknad til protokollen frå Anne Dahle Austrheim:

I K-sak 135/16 under handsaming skal framlegget vera frå Krf v/Anne Dahle Austrheim og ikkje frå ordføraren som det står i saka.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 002/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

003/17: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Jorund Stellberg ba om at møtebok for generalforsamlinga i AS Austrheim Næringssekskap den 22.06.16 vert ettersendt til deltakarane.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 003/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

004/17: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Rådman Jan Olav Osen orienterte om at rekneskapet for 2016 vil gje eit overskot på kr. 3,6 mill. Rekneskapet er enno ikkje revidert og det vart teke atterhald om dette.

Framlegg frå ordføraren:
Orienteringa vart teke til vitande.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 004/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Orienteringa vart teke til vitande.

005/17: Endring av valkrinsane i Austrheim

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre legg ned valkrins nr 3: Austrheim som eigen valkrins. Veljarar i Austrheim valkrins vert ført over til Årås valkrins frå og med Stortingsvalet 2017.

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Ap v/ Siri Kaland:

Valkrinsane vert oppretthalde slik dei er idag.

Framlegget frå Ap v/ Siri Kaland fekk 8 røyster (Ap) og rådmannen sitt framlegg fekk 8 røyster.

Framlegget frå Ap v/ Siri Kaland vart soleis vedteke med ordføraren si dobbelstemme.

KS - 005/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Valkrinsane vert oppretthalde slik dei er idag.

006/17: Oppnemning av valstyre til Stortingsvalet 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Valnemnda legg fram forslag.

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Valnemnda:

Austrheim kommunestyre vel fylgjande valnemnd for Stortingsvalet 2017:

Medlem	Varamedlem
Per Lerøy	Hardy Pedersen
Siri Kaland	Merethe R. Tresvik
Randi Dyrøy	Reidar Øksnes
Jorund Stellberg	Rikke Heldal Hope

Jan Erik Espelid	Morten Sognnes
------------------	----------------

Per Lerøy er leiar for nemnda.

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 006/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vel fylgjande valnemnd for Stortingsvalet 2017:

Medlem	Varamedlem
Per Lerøy	Hardy Pedersen
Siri Kaland	Merethe R. Tresvik
Randi Dyrøy	Reidar Øksnes
Jorund Stellberg	Rikke Heldal Hope
Jan Erik Espelid	Morten Sognnes

Per Lerøy er leiar for nemnda.

007/17: Søknad om midlar innan prosjekt mot barnefattigdom

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tilrår at Austrheim ungdomsklubb vert tildelt midlar i samsvar med deira søknad. Austrheim kommunestyre støttar at det vert søkt Bufdir om 80 000 kr til prosjekt for å motverke barnefattigdom.

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 007/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Kommunestyret tilrår at Austrheim ungdomsklubb vert tildelt midlar i samsvar med deira søknad. Austrheim kommunestyre støttar at det vert søkt Bufdir om 80 000 kr til prosjekt for å

motverke barnefattigdom.

008/17: Val av forprosjekt for barnehage på Kaland - Igangsetting av "Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr 130 og 131. Braplanid 2017001 "- Planoppstart

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek planoppstart til ***Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, braplanid 2017002.***

Grunngjevinga er at dette området skal regulerast før det kan setjast igang byggjetiltak her.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-8. Kostnaden med planarbeidet opptil kr. 1.100.000,- vert dekkja frå post 32306 099 2211.

Austrheim kommunestyre vel **forprosjekt A** i det vidare planleggingsarbeidet med ny barnehage på Kaland. Grunngjevinga er at forprosjektet har vist at det er rimlegare å byggje, men og å drifta ein ny barnehage enn å rehabiliterer den eksisterande barnehagen og byggja på denne. Vidare arbeid med **forprosjekt A** vert starta opp etter at detaljreguleringa i planområdet er formelt godkjent i kommunestyret i Austrheim. Rådmannen får fullmakt til å oppretta ei arbeidsgruppe som skal utgreia bruken av eksisterande barnehagebygg framover.

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

1. Austrheim kommunestyre vedtek planoppstart til ***Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, braplanid 2017002.***

Grunngjevinga er at dette området skal regulerast før det kan setjast igang byggjetiltak her. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-8.

Kostnaden med planarbeidet opptil kr. 1.100.000,- vert dekkja frå post 32306 099 2211.- Barnehagebygg Kaland barnehage.

2. Austrheim kommunestyre bed formannskapet som økonomiutval, å greie ut kostnadsramme og ulike finansieringsalternativ for bygging av ny barnehage på Kaland. Rapport må ligge føre til siste kommunestyremøte før sommaraen den 22.06.17.

Framlegg frå H v / Jorund Stellberg til endring i 2. avsnitt i rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre tar utgangspunkt i **forprosjekt A** i det vidare planleggingsarbeidet med ny barnehage på Kaland. Grunngjevinga er at forprosjektet har vist at det er rimlegare å byggje, og å drifta ein ny barnehage enn å rehabiliterer den eksisterande barnehagen og byggja på denne. Vidare arbeid med utgangspunkt i **forprosjekt A** vert starta opp etter at detaljreguleringa i planområdet er formelt godkjent i kommunestyret i Austrheim.

Formannskapet får fullmakt til å oppretta ei arbeidsgruppe som skal utgreia bruken av eksisterande barnehagebygg framover.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster.

Rådmannen sitt framlegg til 1. avsnitt, H v/ Jorund Stellberg sitt endringsframlegg til 2. avsnitt og H v/

Jorund Stellberg sitt pkt 2 vart deretter samrøystes vedteke.

Det ligg soleis føre fylgjande vedtak:

1. Austrheim kommunestyre vedtek planoppstart til ***Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, braplanid 2017002.***

Grunngjevinga er at dette området skal regulerast før det kan setjast igang byggjetiltak her.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-8.

Kostnaden med planarbeidet opptil kr. 1.100.000,- vert dekkja frå post 32306 099 2211.-

Barnehagebygg Kaland barnehage.

2. Austrheim kommunestyre tar utgangspunkt i **forprosjekt A** i det vidare planleggingsarbeidet med ny barnehage på Kaland. Grunngjevinga er at forprosjektet har vist at det er rimlegare å byggje og å drifta ein ny barnehage enn å rehabilitere den eksisterande barnehagen og byggja på denne. Vidare arbeid med utgangspunkt i **forprosjekt A** vert starta opp etter at detaljreguleringa i planområdet er formelt godkjent i kommunestyret i Austrheim.

Formannskapet får fullmakt til å oppretta ei arbeidsgruppe som skal utgreia bruken av eksisterande barnehagebygg framover.

3. Austrheim kommunestyre bed formannskapet som økonomiutval, å greie ut kostnadsramme og ulike finansieringsalternativ for bygging av ny barnehage på Kaland. Rapport må ligge føre til siste kommunestyremøte før sommaren den 22.06.17.

KS - 008/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

1. Austrheim kommunestyre vedtek planoppstart til ***Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, braplanid 2017002.***

Grunngjevinga er at dette området skal regulerast før det kan setjast igang byggjetiltak her.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 12-8.

Kostnaden med planarbeidet opptil kr. 1.100.000,- vert dekkja frå post 32306 099 2211.-

Barnehagebygg Kaland barnehage.

2. Austrheim kommunestyre tar utgangspunkt i **forprosjekt A** i det vidare planleggingsarbeidet med ny barnehage på Kaland. Grunngjevinga er at forprosjektet har vist at det er rimlegare å byggje og å drifta ein ny barnehage enn å rehabilitere den eksisterande barnehagen og byggja på denne. Vidare arbeid med utgangspunkt i **forprosjekt A** vert starta opp etter at detaljreguleringa i planområdet er formelt godkjent i kommunestyret i Austrheim.

Formannskapet får fullmakt til å oppretta ei arbeidsgruppe som skal utgreia bruken av eksisterande barnehagebygg framover.

3. Austrheim kommunestyre bed formannskapet som økonomiutval, å greie ut kostnadsramme og ulike finansieringsalternativ for bygging av ny barnehage på Kaland. Rapport må ligge føre til siste kommunestyremøte før sommaren den 22.06.17.

009/17: Anleggsbidrag for Mongstadkrysset Vest

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vil dekke (kr. 1.706.970 – kr 160.000 =) kr 1.546.970 av utbyggingskostnader som er 60% av utbyggingskostnadene for dette anlegget. Kostnaden for anlegget er kr. 2.844.950,-.

Post 5.5 Pumpestasjon vert ikkje bygd no. Austrheim kommune bygger pumpestasjonen når behovet melder seg. Raugstad eigedom as sin del av kostnaden på pumpestasjonen kr 160 000 vert trekt frå på utbetaling av anleggsbidrag. Austrheim kommune har behov for ein oppgradert stasjon med større kapasitet en Raugstad eigedom sitt behov.

- Kostnad kr 1.000.000 vert dekket på post for anleggsbidrag 2017
- Kostnad kr 500.000 vert dekket på post for asfaltering 2017
- Kostnad kr 46.970 vert dekket på post for VA 2017

Sum kr 1.546.970

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før regnskap, underskriven utbyggingsavtale og overtakingsprotokoll føreligg.

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.

26.01.2017 FORMANNSKAPET

Fellesframlegg:

Austrheim kommune går i forhandling om kjøp av vegrett fram til kommunen sitt næringsområde i Mongstad krysset Vest.

Veg med vatn og avløp skal frådelast og overskøytast til Austrheim kommune. Kommunen overtar drift og vedlikehald av anlegget.

Rådmannen får fullmakt til å inngå kjøpekontrakt.

Denne skal leggest fram til kommunestyret for endeleg godkjenning.

Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd.

FS - 011/17 - 26.01.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune går i forhandling om kjøp av vegrett fram til kommunen sitt næringsområde i Mongstad krysset Vest.

Veg med vatn og avløp skal frådelast og overskøytast til Austrheim kommune. Kommunen overtar

drift og vedlikehold av anlegget.
Rådmannen får fullmakt til å inngå kjøpekontrakt.
Denne skal leggest fram til kommunestyret for endelig godkjenning.

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå møte i formannskapet den 26.01.17:
Austrheim kommune går i forhandling om kjøp av vegrett fram til kommunen sitt næringsområde i Mongstad krysset Vest.
Veg med vatn og avløp skal fradelast og overskøytast til Austrheim kommune. Kommunen overtar drift og vedlikehold av anlegget.
Rådmannen får fullmakt til å inngå kjøpekontrakt.
Denne skal leggest fram til kommunestyret for endelig godkjenning.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - 009/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Austrheim kommune går i forhandling om kjøp av vegrett fram til kommunen sitt næringsområde i Mongstad krysset Vest.
Veg med vatn og avløp skal fradelast og overskøytast til Austrheim kommune. Kommunen overtar drift og vedlikehold av anlegget.
Rådmannen får fullmakt til å inngå kjøpekontrakt.
Denne skal leggest fram til kommunestyret for endelig godkjenning.

010/17: Vedtak - KommuneROS Austrheim 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner overordna heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Austrheim kommune, KommuneROS Austrheim 2017 , med tilhøyrande analyser og utgreiingar, slik den ligg føre.

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 010/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Kommunestyret godkjenner overordna heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Austrheim kommune, KommuneROS Austrheim 2017 , med tilhøyrande analyser og utgreiingar, slik den ligg føre.

011/17: Vedtak - Overordna Beredskapsplan, Evakueringsplan og Atomberedskapsplan

Rådmannen sitt framlegg:

Fastsetting av makt og mynde til KKL.

Kommunestyret vedtek fastsettinga av makt og mynde i overordna beredskapsplan pkt 3.1.4 og 3.1.5 med følgende tekst:

Pkt. 3.1.4 Kriseleiinga si makt og mynde

Kriseleiinga si totale makt og mynde er identisk med den samla makt og mynde det einskilde medlem har fått delegert i kraft av si stilling/sin funksjon.

Dei færraste kommunar har budsjett til å takle store kostnader som kan oppstå ved kriser. M.a. derfor skal ein beredskapsplan vere politisk forankra med vedtak om klare økonomiske fullmakter der det vert kravd rask budsjettbehandling.

Rådmannen eller den til ei kvar tid fungerande rådmann har, i tråd med det til ei kvar tid gjeldande delegasjonsreglement for Austrheim kommune, mynde til å overstyre/overskride vedteke budsjett når kriser som krev strakstiltak oppstår.

Rådmannen kan delegere vidare si fullmakt heilt eller delvis, fortrinnsvis til kriseleiinga som kollektivt organ.

Pkt. 3.1.5 Utvida fullmakt til ordførar og formannskap

Austrheim kommunestyre vedtok i sitt møte __.__.____, KS-__/__, følgjande med omsyn til utvida mynde til ordførar og formannskap:

1. Ordførar innehar kommunestyret si generelle mynde når kriser som krev strakstiltak oppstår. Ordførar kan delegere vidare si fullmakt.
2. Formannskapet som kollektivt organ innehar kommunestyret si generelle mynde når kriser som krev strakstiltak oppstår, og ordførar ikkje er tilgjengeleg i kommunen. Formannskapet kan sjølv nemne opp setjeordførar når ordførar eller varaordførar ikkje er tilgjengeleg i kommunen, og sjølv delegere sine fullmakter heilt eller delvis til denne.

Beredskapsplanar.

Kommunestyret vedtar overordna beredskapsplan for Austrheim kommune, evakueringsplan og

atomberedskapsplan, slik dei ligg føre.

Videre vedtek kommunestyret at det skal utarbeidast plan for informasjon til publikum og plan for befolkningsvarsling.

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til H/Jorund Stellberg til nytt siste punktum:

Videre vedtek kommunestyret at det skal utarbeidast plan for informasjon til publikum og plan for befolkningsvarsling før fylkesmannen kjem på tilsyn og seinast ved utgangen av året.

Rådmannen sitt framlegg med H v/ Jorund Stellberg sitt framlegg til endring av siste punkt vart samrøystes vedteke.

KS - 011/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Fastsetting av makt og mynde til KKL.

Kommunestyret vedtek fastsettinga av makt og mynde i overordna beredskapsplan pkt 3.1.4 og 3.1.5 med følgende tekst:

Pkt. 3.1.4 Kriseleiinga si makt og mynde

Kriseleiinga si totale makt og mynde er identisk med den samla makt og mynde det einskilde medlem har fått delegert i kraft av si stilling/sin funksjon.

Dei færraste kommunar har budsjett til å takle store kostnader som kan oppstå ved kriser. M.a. derfor skal ein beredskapsplan vere politisk forankra med vedtak om klare økonomiske fullmakter der det vert kravd rask budsjettbehandling.

Rådmannen eller den til ei kvar tid fungerande rådmann har, i tråd med det til ei kvar tid gjeldande delegasjonsreglement for Austrheim kommune, mynde til å overstyre/overskride vedteke budsjett når kriser som krev strakstiltak oppstår.

Rådmannen kan delegere vidare si fullmakt heilt eller delvis, fortrinnsvis til kriseleiinga som kollektivt organ.

Pkt. 3.1.5 Utvida fullmakt til ordførar og formannskap

Austrheim kommunestyre vedtok i sitt møte __.__.____, KS-__/__, følgjande med omsyn til utvida mynde til ordførar og formannskap:

1. Ordfører innehar kommunestyret si generelle mynde når kriser som krev strakstiltak oppstår. Ordfører kan delegere vidare si fullmakt.
2. Formannskapet som kollektivt organ innehar kommunestyret si generelle mynde når kriser som krev strakstiltak oppstår, og ordfører ikkje er tilgjengeleg i kommunen. Formannskapet kan sjølv nemne opp setjeordførar når ordfører eller varaordførar ikkje er tilgjengeleg i kommunen, og sjølv delegere sine fullmakter heilt eller delvis til denne.

Beredskapsplanar.

Kommunestyret vedtar overordna beredskapsplan for Austrheim kommune, evakueringsplan og atomberedskapsplan, slik dei ligg føre.

Videre vedtek kommunestyret at det skal utarbeidast plan for informasjon til publikum og plan for befolkningsvarsling før fylkesmannen kjem på tilsyn og seinast ved utgangen av året.

012/17: Innstilling frå sakkyndig nemnd for eigedomsskatt

Rådmannen sitt framlegg:

Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt sitt framlegg til vedtak:
Austrheim kommunestyre vedtek fritak for avtalar iflg. liste etter eigedomsskattelova §7 bokstav a.
Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt har mynde til å endre avtalar.

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

Møtet vart lukka under handsaming av saka. Liste med oversikt som syner dei som vert friteke etter § 5 a - d vart lagt fram til møte til gjennomlesing.

Sakkyndig nemnd sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 012/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek fritak for avtalar iflg. liste etter eigedomsskattelova §7 bokstav a.
Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt har mynde til å endre avtalar.

018/17: Interpellasjon

Rådmannen sitt framlegg:

15.02.2017 KOMMUNESTYRET

H v/ Jorund Stellberg har kome med interpellasjon til møte, sjå vedlegg, med fylgjande spørsmål til ordføraren:

Vil ordføraren ta initiativ til å få dette utgreidd til første ordinære kommunestyremøte?

Framlegg frå ordføraren:

Ordføraren støttar forslaget frå Austrheim Høgre og ber om at rådmannen kjem med ei utgreiing om korleis ein kan innføra spørjetime i kommunestyret. Rådmannen må også greie ut om korleis ein kan få etablert strauming av møta i formannskapet og kommunestyret i Austrheim. Ordføraren ber om at desse utgreiingane vert lagt fram for kommunestyret 06.04.2017.

KS - 018/17 - 15.02.2017 - Vedtak:

Ordføraren støttar forslaget frå Austrheim Høgre og ber om at rådmannen kjem med ei utgreiing om korleis ein kan innføra spørjetime i kommunestyret. Rådmannen må også greie ut om korleis ein kan få etablert strauming av møta i formannskapet og kommunestyret i Austrheim. Ordføraren ber om at desse utgreiingane vert lagt fram for kommunestyret 06.04.2017.
